

Alver kommune, Plan og byggesak  
Einar Aase  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser: Dykkar: 78d326ff-fd12-4775-b425-  
8fdc79ac55d8  
Vår: 22/468 - 22/8282

Saksbehandlar: Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato: 28.01.2022

## **Uttale til søknad om to tilbygg - gbnr 15/11 Rød**

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om to tilbygg på eksisterande fritidsbustad på gbnr 15/11 Rød. Det aktuelle bygget er den gamle skulen på Rød, som skal vera bygd i 1886 og var i bruk som skule fram til 1963. Bygget har per i dag ikkje noko vern etter plan- og bygningslova, og er heller ikkje omfatta av meldeplikta i kulturminnelova § 25.

Etter at Lov om almueskolene på landet kom i 1860 (også kalla fastskulelova) vart det sett opp skulebygg i mange bygder rundt om i kommunane. Mange av desse skulane er i dag rivne eller sterkt ombygd. Gamle Rød skule er ein av dei skulane som er godt bevart og det ser ut til at det berre er gjort mindre fasadeendringar sidan bygget var i bruk som skule.

Dei planlagde tiltaka med tilbygg på to sider og fasadeendringar i form av nokre større vindauge vil endra bygget sitt uttrykk, og dei typiske trekka for eit eldre skulebygg vil i stor grad forsvinna. Ut frå kulturvernomsyn vil me difor rå i frå at det vert gjeve løyve til tiltaket som omsøkt. Eit eventuelt tilbygg bør underordna seg det eksisterande bygget og plasserast på baksida av bygget. For å ivareta kulturminneverdien bør ein om mogleg bevara eksisterande vindauge, eller sekundærert erstatta dei med vindauge av same type og storlek.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak      Postboks 4      5906

FREKHAUG